



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE - 033
Arkivsaksnr: 17/1070	Løpenr: 17/10959
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	13.12.2017	049/2017

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

13.12.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Orienteringar/ meldingar:

Testamentert eigedom

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at ein innbyggjar i Arna har testamentert einebustaden og eigedommen sin til Samnangerheimen. Verdien på eigedomen er ikkje sett, men det er truleg snakk om fleire millionar kroner. Pengane må brukast til investering, ikkje drift.

Breiband Rolvsvåg-Saga

Jan Erik Boge (sektorleiar organisasjon) orienterte om utbygging av breiband i Rolvsvåg - Saga. Samnanger kommune har fått opp til 1 million kroner i tilskot frå Hordaland fylkeskommune til å byggja ut breiband på strekninga Rolvsvåg-Saga. I oktober sendte kommunen ut ein tilbudsinvitasjon til Kvamnet, Telenor og BKK/Bergen Fiber, der desse fekk høve å komma med tilbod på prosjektet.

Kvamnet AS var det einaste firmaet av dei fire som sendte inn tilbod på jobben. Dette tilbodet ser ut til å dekkja krava som er sette i konkurransen.

Grunngevrne spørsmål:

Gebyr

Sture Tveit (H) las opp sitt grunngjeve spørsmål om gebyr.

Spørsmålet frå Tveit ligg som referatsak i møteinnkallinga til kommunestyret 13.12.2017.

Planleggjar Roald Aandahl svara på spørsmålet. Dette svaret ligg også som vedlegg til denne møteprotokollen.

Sture Tveit bad administrasjonen, på ein tydeleg måte, få fram informasjonen om gebyr som skal betalast til andre partar enn Samnanger kommune.

Administrasjonen tek dette med seg i arbeidet vidare.

Lastebil - teknisk drift

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI) las opp sitt grunngjeve spørsmål.

Spørsmålet frå Markhus ligg som vedlegg til denne møteprotokollen.

Rådmannen svara på spørsmålet. Dette svaret ligg også som vedlegg til denne protokollen.

Utvalet sitt kvarter:

Delegeringsreglement

Brigt Olav Gåsdal (A) viste til at det er stort behov for å få på plass eit oppdatert delegeringsreglement for kommunen. Han lurte på kva som skal til for at administrasjonen skal kunna fullføre arbeidet med dette.

Gåsdal drog fram spesielt ei problemstilling, om at det pr. dags dato er uklart om ordførar kan vera sakshandsamar i saker eller ikkje.

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) svara på spørsmåla. Administrasjonen tek dette med seg i arbeidet vidare i saka.

Hordalandsdiagonalen

Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig) stilte spørsmål om kvifor ordføraren i Samnanger kommune har signert på eit opprop for Hordalandsdiagonalen.

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) orienterte om prosessen så langt i saka, og om arbeidet som skal gjerast framover.

Vassavgift for eldre

Solveig Vassenden (BI) orienterte om at eldrerådet har kome med innspel til vassavgift for eldre, og at administrasjonen har gitt tilbakemelding om at vassmålar kan vera eit alternativ for husstandar med lågt vassforbruk.

Vassenden spurde om korleis reglement/rutinar vedrørande vassmålarar er i Samnanger.

Ass. rådmann Hilde-Lill Våge svara på spørsmålet. Kommunen har ikkje retningslinjer for dette pr. dags dato. Administrasjonen vil på sikt ta dette opp som eiga sak, men dette krev ein del forarbeid.

Tannlegekontoret på Tysse

Odd Arne Haga (Frp) spurde om status for tannlegekontoret på Tysse. Dette med tanke på at

kommunen har fått melding frå Hordaland fylkeskommune om at tenesta skal leggjast ned.

Ass. rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om dette. Kommunen har nettopp inngått ny leigeavtale med fylkeskommunen med eitt års oppseiingsvarsel. Ein har fått signal om at det alt i mars 2018 kan koma ei oppseiing av avtalen.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han håpar at Samnanger kan få vera med i eit pilotprosjekt med kommunale tannlegekontor, for å få behalda tannlegekontoret på Tysse.

Politireform

Sture Tveit(H) spurde om korleis politiordninga i Samnanger vert på nyåret.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om dette. Politikontoret på Bjørkheim vert nedlagt. Politiet skal i utgangspunktet ikkje ha faste kontordagar eller fast kontorplass i kommunen. Ordføraren vil arbeida vidare med å få ein fast kontorplass for politiet her i kommunen, samt arbeida for at politiet skal vera synleg i kommunen. Ordføraren understreka at det er viktig at Samnanger ikkje vert gløymt i denne reforma.

KS- 049/2017 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.